

## Vern om dei minste borna våre

I november 2016 gjorde Helse Midt-Norge vedtak om at born fødde før 26. veke skulle flyttast til St. Olavs hospital av faglege grunnar. No er nye nasjonale retningslinjer for nyfødtintensivavdelingar ute på høyring. Vert desse vedtekne, vil også born fødde i veke 26-28 bli overført til Trondheim. Møre og Romsdal Venstre vil ikkje akseptere at dei minste nyfødde blir flytta frå Ålesund sjukehus til St. Olavs.

Meldinga om at dei minste skulle flyttast skapte stor uro. Med nye anbefalingar om at det berre er eitt sjukehus i kvar helseregion som skal behandle born som er fødde før veke 28, så ser vi at ein alt har teke det endelege steget på vegen til å fullstendig fjerne neonataltilbodet i Ålesund. All spesialkompetanse på dei for tidleg fødde kjem til å bli flytta til St. Olavs, noko vi finn heilt uakseptabelt.

Møre og Romsdal Venstre meiner at tilbodsstrukturen skal oppretthaldast i Ålesund, slik som i dag. Ei slik inndeling gjer Helse-Midt til ein robust region med tilnærma lik kompetanse ved fleire sjukehus dersom noko skulle skje som hindrar transport av fødande/for tidleg fødde, men og av beredskapsomsyn.

Det ligg føre dokumentasjon på at tilboden vi har i Ålesund er av god kvalitet. Borna får livsviktig hjelp, familiane er nærmare heimstaden sin, noko som betrar heile familiesituasjonen i ei vanskeleg tid. Det må takast omsyn til at vi lever i eit land med svært uforutsigbart ver, der vi veit at mange av dagens lufttransportar ikkje kan gjennomførast. Då kan ein kritisk situasjon fort oppstå. Born som treng intensivbehandling kan ikkje utsettast for slik risiko.

Møre og Romsdal Venstre vil at

- neonatal avdeling ved Ålesund sjukehus skal styrkast, ikkje svekkast.
- fagmiljø og kompetanse som i dag er knytt til for tidleg fødde born ved Ålesund sjukehus skal sikrast.
- omsynet til borna og familiane skal kome først.